

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Hotel Maritim, Haugesund

MØTETIDSPUNKT: 19.04.2023, KL. 0900 – 1600

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Linda Karin Gangstøe	Medlem
Geir Arne Sunde	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Atle Lunde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande direktør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Synnøve Odden Teigelid, fung. økonomi- og finansdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Erik M. Hansen, e-helse direktør
Bjørn Egil Vikse, fagdirektør
Ellen Marie Mo Marvik, revisor
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det temasak om psykisk helsevern med stor vekt på barn og unge, kunnskapsgrunnlag, behov, kompetanse og samhandling med kommunane.

Sak 041/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at hovuddelen av styremøtet var ope for publikum og presse.

Før vedtak i sak 045/22 Årsoppgjer 2022 skal det gjennomførast møte mellom revisor Ellen Marie Mo Marvik og styret.

Møtet er lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Styreleiar orientere om at det var 2 nye punkt på AD si orientering:

8. Føretaksgruppa Helse Vest sitt arbeid med likestilling likebehandling, inkludering og mangfald
9. Likestillingsutgreiing 2022

Styremedlemmene sin habilitet blei vurdert.

Forfall:

Det var ingen forfall på møtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Oppdatert styresak 043/23 Administrerande direktør si orientering
- 2 nye notat til styresak 043/23 AD si orientering:
 - Pkt. 8 - Føretaksgruppa Helse Vest sitt arbeid med likestilling likebehandling, inkludering og mangfald
 - Pkt. 9 - Likestillingsutgreiing 2022
- Styresak 050/23 Høyring Helsepersonellkommisjonen
- Tidsplan for styremøtet

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blir godkjent.

Sak 042/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 22.03.23.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 22.03.2023.

Sak 043/23 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen orienterte om arbeidet knytt til oppfølginga av tilsyn knytt til *NORWAIT studien*.

Administrasjonen orienterte også om oppfølginga av tilsyn knytt til habiliterings-tenesta for barn og ungdom (HABU).

Oppdatert notat om habiliteringstenesta for barn og unge vil bli lagt fram for styret i styremøte i juni.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status beredskap

Det er ingen pågåande beredskap ved nokre av helseføretaka i Helse Vest per april 2023.

Arbeid med ny nasjonal helseberedskapsmelding pågår. Denne vil vere klar hausten 2023.

6. Løypemelding om arbeidet med justerte resultatkrav i HF-a

Helse Vest avventar kva som eventuelt kjem i revidert nasjonalbudsjett. Ny oppdatering om eventuelle justerte resultatkrav i HF-a vil bli lagt fram for styret i juni.

7. Sjukehusutvalet sin rapport

Utkast til høyringsuttale til Sjukehusutvalet sin rapport vil bli lagt fram for styret i junimøtet.

8. Føretaksgruppa Helse Vest sitt arbeid med likestilling likebehandling, inkludering og mangfald

Styret hadde ønska ein kort orientering om likestillings, mangfalds- og likebehandlingsarbeidet i føretaksgruppa Helse Vest. Det er mange enkelttiltak som blir gjennomført i alle verksemdene.

Føretaksgruppa Helse Vest har hatt felles målsettingar for inkluderande mangfald sidan 2007. Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetting, og å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar uansett bakgrunn.

Målsettinga var at andelen medarbeidarar med *ikkje norsk bakgrunn* skulle vere mellom 6-10 %.

Per 4. kvartal i 2008 var det 7,7 % ikkje norske statsborgarar totalt for heile føretaksgruppa Helse Vest. 3,9 % av desse hadde vestleg opphav og 3,8 % ikkje-vestleg opphav.

Oppdaterte tal per november 2022 frå SSB bekreftar at om lag 22 % av medarbeidarane i føretaksgruppa Helse Vest *ikkje er norske statsborgarar*.

9. Likestillingsutgreiing 2022

Helse Vest RHF og føretaksgruppa arbeidar aktivt og målretta for å fremme lovens formål. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utvikling/opplæring, tilrettelegging, kombinasjon av arbeid og familieliv, beskyttelse mot trakassering og kjønnsbasert vald samt andre relevante forhold.

Likestillings- og diskrimineringsarbeidet er forankra i føretaket sine ulike strategiar. Verktøy, opplæring, retningslinjer og rutinar er elles inkludert i den øvrige personalpolitikken. Det er eit mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetting, og å rekruttere kvalifiserte personar med innvandrarbakgrunn. Fokusområdet for mangfald og inkludering ved Helse Vest RHF i 2022-2023 er:

- Leiarar på alle nivå skal ha merksemd på likestilling og mangfald, samt ha høg kompetanse om alle formar for diskriminering, (førebyggje diskriminering).
- Føretaka skal i sitt rekrutteringsarbeid ha merksemd på tiltak som skal bidra til auka mangfald.
- Det skal vere nulltoleranse for mobbing, trakassering og diskriminering
- Vi skal skape likeverdige arbeids-, trivsels- og utviklingsmoglegheiter for kvinner og menn, fremme ein meir lik fordeling av begge kjønn i leiarstillingar og elles innan alle faggrupper og stillingsnivå.
- Vi skal hindre at medarbeidarar som får helseplagar faller ut av arbeidsmiljøet og arbeide med seniorpolitikken som har til hensikt å auke pensjonsalder.

Helse Vest RHF leiar eit Likebehandling-, inkludering og mangfaldnettverk (LIM) med 13 representantar frå føretaksgruppa Helse Vest som har ulik bakgrunn og kompetanse.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 044/23 Rapportering frå verksemda per februar 2023

Oppsummering

Målekort

(Oppdatert data på pakkeforløp kreft er ikkje tilgjengeleg frå Norsk Pasientregister)

Målekort Helse Vest - februar		Nasjonale mål	Denne periode			Hittil i år		
			Faktisk	Mål HV	Måloppnåelse	Faktisk	Mål HV	Måloppnåelse
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	63	50		64	50	
	Ventetid - PHV	40	45	40		49	40	
	Ventetid - BUP	35	56	35		56	35	
	Ventetid - TSB	30	34	30		33	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			13,50 %			13 %		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer								
Korridorpasienter somatikk			1,30 %			1,40 %		
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold		13 312	12 560	6,0 %	27 754	25 859	7,3 %
	Dagopphold		4 480	4 271	4,9 %	9 400	9 140	2,8 %
	Poliklinikk		121 295	108 696	11,6 %	254 170	226 669	12,1 %
Psykiatri	Døgnopphold		804	813	-1,1 %	1 649	1 730	-4,7 %
	Dagopphold		29	17	70,6 %	58	34	70,6 %
	Poliklinikk		41 968	40 958	2,5 %	86 663	85 743	1,1 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)		130	106	22,6 %	255	214	19,2 %
	Dagopphold		0	1	-200,0 %	2	1	100,0 %
	Poliklinikk		7 058	7 135	-1,1 %	14 608	14 438	1,2 %
Bemanning	Brutto månedsverk		25 757	25 208	2,2 %	25 855	25 235	2,5 %
	Sykefravær	5,5 %	8,8 %	12,0 %		8,9 %	10,4 %	
			Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik
Økonomi	Resultat		-49 890	44 432	-94 322	-69 244	72 974	-142 218

Den gjennomsnittlege ventetida for alle fagområda var på 62 dagar i februar, noko som er over målet på 50 dagar, men er ein liten forbetring på 1 dag mot førre månad. Fagområda somatikk og psykisk helsevern for vaksne (PHV) har lågare ventetid enn i januar, men ligg godt over måla som er høvesvis 50 og 45 dagar. For psykisk helsevern barn og unge (BUP) var ventetida uendra på 56 dagar frå januar. Helse Bergen var nærast målet om 35 dagar med 41 dagar gjennomsnittleg ventetid, medan Helse Stavanger var lengst frå målet med 74 dagar i februar. For tverrfagleg spesialisert rusbehandling var gjennomsnittleg ventetid 34 dagar i februar, som er over målet om 35 dagar, men betre enn for januar med 1 dag.

Som for januar, er aktiviteten høgare i februar 2023 enn for de to føregåande åra. For somatikk var all aktivitet høgare i februar 2023 enn i 2022. For PHV var den polikliniske aktiviteten høgare enn same månad i fjor, medan den polikliniske aktiviteten for BUP var lågare, spesielt har Helse Stavanger lågare aktivitet enn ønskeleg, det er sett i verk tiltak som må få verke noko lenger før ein kan forvente betring. Den polikliniske aktiviteten innan TSB er 1,2 % høgare enn for 2022.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd når ein måler den polikliniske aktivitetsveksten mellom 2022 og 2023 innan psykisk helsevern og TSB mot somatikk.

Det økonomiske resultatet er framleis vesentleg dårlegare enn budsjett, og hovudforklaringa er framleis relatert til høge kostnadsavvik på løn- og personale. Det er og negative avvik innanfor energi, varekostnader og fritt behandlingsval.

Det er, som i førre rapportering, ikkje tatt omsyn til informasjonen i føretaksmøtet i februar om at Helse Vest får ei varig styrking av den økonomiske ramma, eller at det vil kome ein kompensasjon for ekstraordinær kostnadsvekst.

Det er risiko i budsjettet for 2023 som heng saman med høgare løns- og prisvekst enn deflator som ligg til grunn i statsbudsjettet. Kompensasjon for ein slik vekst i revidert nasjonalbudsjett vil isolert sett ikkje gi betre resultat, men ta ned risikoen.

Det blir no i dialog med helseføretaka gjort ei vurdering av om ein skal justere resultatkravet som følgje av den varige styrkinga av den økonomiske ramma. Målsettinga er å komme tilbake på eit resultatkrav opp mot det nivået som låg til grunn for rullering av ØLP våren 2022.

Gitt budsjettavviket per februar er det administrerande direktør si vurdering at helseføretaka bør vurdere om etablerte tiltak har tilstrekkeleg effekt og eventuelt innarbeide supplerande tiltak dersom dette er nødvendig for å nå resultatkravet.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tok rapporteringa frå verksemda per 28. februar 2023 til etterretning.
2. Styret i Helse Vest RHF understrekar at det er viktig å ha ei aktiv oppfølging av tiltaka føretaka har sett i verk for å betre økonomien. Styra i dei enkelte helseføretaka blir bedne om å følgje opp at tiltaka inkludert sjukefråværsoppfølging gir tilstrekkeleg effekt og eventuelt innarbeide supplerande tiltak dersom dette er nødvendig for å nå resultatkravet.

Sak 045/23 Årsoppgjer 2022

Før vedtak i sak 045/22 Årsoppgjer 2022 blei det gjennomført møte mellom revisor Ellen Marie Mo Marvik og styret.

Møtet var lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 416 209 132 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 476 608 668 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei netto reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på kr 3 556 316, som er ei reversering av tidlegare nedskriven eigardel i Helse Førde. Den reverserte nedskrivinga er lik årets overskot i Helse Førde og er ført tilbake i

konsernrekneskapet slik at ikkje overskotet blir teke med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 473 052 352.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 1 777 994 332 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 429 019 611 kroner.

Resultatkrav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2022 balanse i rekneskapen.

Styret stilte krav om eit overskot på 495 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretak (millionar kroner):	2022	2021	2020
Helse Bergen HF	-16,9	245,9	513,3
Helse Stavanger HF	106,9	121,9	218,0
Helse Fonna HF	-151,3	-86,4	116,7
Helse Førde HF	3,6	26,2	112,2
Sjukehusapoteka Vest HF	9,9	16,2	4,3
Helse Vest IKT AS	-4,0	5,8	-8,1
Helse Vest RHF	473,1	515,3	581,5
Helse Bergen Eiendom AS	0,2	0,2	-1,1
Tilknyttta selskap og andre elimineringsar	-5,2	-0,5	-3,1
Sum resultat	416,2	844,6	1 533,6

Resultatet frå føretaksgruppa er 78,8 millionar kroner under resultatkravet som styret har stilt krav om.

Styret hadde følgjande innspel til «Vedlegg 2 – Årsberetning 2022»

Vedtak frå revisjonsutvalet bør inn på s. 16 før konkrete byggeprosjekt:

«Føretaksgruppa har akkumulerte investeringar per 31.12.2022 på kr 13 385 763. Total kostnadsramme på prosjekta er 22 153 083. Den stramme økonomiske situasjonen INNEBER EIN RISIKO FOR AT helseføretaka ikkje kan gjennomføre alle framtidige investeringar som planlagt. Dette gjer det VANSKELEG å hente ut alle gevinstane som ligg til grunn for utviklingsplanane, noko som igjen KAN generere auka driftskostnadar.»

Dette bør også omtalast i innleiinga til årsberetninga samstundes som viktigheita av forutsigbare økonomiske føresetnadar bør presiserast. Det bør også leggjast inn ei setning om risiko knytt til både drift og investeringar i åra framover.

Styret kom og med nokre språklege kommentarar som vil bli korrigerate.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjente årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe. Årets overskot i Helse Vest RHF kr 476 608 668 og årets overskot i Helse Vest føretaksgruppe kr 416 209 132, er ført mot annan eigenkapital. I resultatet til Helse Vest RHF ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretaka med kr 3 556 316.

2. Styret vedtok årsberetning 2022 med dei endringane som kom fram i møtet.
3. Styret gav administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram mot føretaksmøtet.
4. Styret legg årsberetninga og årsrekneskapen med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.

Sak 046/23 Rapport om godtgjersle til leiande personar

Oppsummering

Helse Vest RHF følgjer retningsliner for tilsetjingsvilkår for leiarar i statlege føretak og selskap med statleg eigardel, kor hovudprinsippet er at leiarlønningane i føretaka skal vere konkurransedyktige, men ikkje lønnsleiande samanlikna med tilsvarande føretak.

Ved å balansere desse forholda meiner styret at ein kan rekruttere og holde på dyktige leiarar, samtidig som offentlege midlar blir nytta på best mogleg måte for å oppnå fastsette mål.

Forskjellar mellom leiande tilsette og andre tilsette er tekne omsyn til i vurderingane av lønnsjustering.

Det er utvist moderasjon i lønnsjusteringane for 2022.

Godtgjersle til styret blir fastsett av føretaksmøtet i Helse Vest RHF og blir vurdert å vere sett til eit nivå som bidreg til relevant og god kompetanse i styret, og reflekterer ansvaret og arbeidsmengda til styret.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok rapport om godtgjersle til leiande personar i Helse Vest RHF for rekneskapsåret 2022.
2. Styret legg godtgjerslerapporten fram for føretaksmøtet for endeleg godkjenning.

Sak 047/23 Prosess for val av nye styre i HF-a og val av arbeidsutval

Oppsummering

Det skal veljast nye styre i helseføretaka i Helse Vest i februar 2024. Det er dei eigaroppnemnde representantane som skal oppnemnast i denne omgang.

Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet og er store verksemder i samfunnet vårt. Det er viktig at dei eigaroppnemnde styremedlemmene i helseføretaka har kompetanse som kan reflektere oppgåvene i styret og utfordringane helseføretaka har. Det er vidare viktig at det blir gjennomført ein grundig og god prosess fram mot oppnemning av styra.

Formålet med denne saka er å:

- gjere framlegg om at styret oppnemnar eit arbeidsutval for å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i HF-styra
- gjere greie for korleis prosessen fram til val av nye styre skal vere
- klargjere dei føringane og momenta som skal leggjast til grunn ved valet av styremedlemmer

Arbeidsutvalet blir oppnemnd for 2 år. Heile styret har moglegheit til å gi innspel til kandidatar. Styret var opptekne av at mangfald må ha prioritet ved oppnemningane. Administrasjonen vil intervjuje alle eigaroppnemnde styremedlemmer før ny oppnemning. Styreleiar vil bli med på intervju av styreleiarar.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF oppnemnar følgjande personar til å utgjere arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande helseføretak:
Agnes Landstad, Tord Anton Haaland , Geir Arne Sunde , Wenche Kristin Røkenes
2. Arbeidsutvalet blir oppnemnd for ein periode på 2 år.
3. Styret sluttar seg til at dei føringar og moment som går fram av saka blir lagt til grunn ved samansetting av nye styre i helseføretaka
4. Forslag frå arbeidsutvalet blir lagt fram for behandling i styret i februar 2024.

Sak 048/23 Høyring Helsepersonellkommissjonen

Styret ba om at det følgjande blei omtalt i uttalen:

Til s. 1:

- Helseføretaka bør likebehandlast med omsyn til rekrutteringsutfordringane i framtida. Slik det går fram av kommisjon sin rapport kan det forståast som at andre næringar og bransjar skal ha fortrinn i arbeidsmarknaden.
- Samhandlinga mellom specialist- og kommunehelsetenesta legg til grunn at sektorane opptrer som samarbeidspartnarar. Det er eit felles ansvar som skal løysast av kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.
- Dialog og samspel med pasient og pårørande vil vere avgjerande. Eit verkemiddel kan vere at samval får ytterlegare fokus.

Endringar på side 13:

- Overskrifta endrast til «funksjonsfordeling». Første avsnitt går ut.

- I den faglege gjennomgangen bør også styrking av prehospitala tenester vurderast, dersom det er behov for endringar.

Eit samla styre gav sin tilslutning til høyringsuttalen med justeringane som går fram over.

Oppsummering

NOU-en gjer greie for utfordringane på ein god måte og leggjar eit godt fundament for å sette i verk heilt nødvendige tiltak på kort, mellomlang og lang sikt. Analysane må i tillegg «trekkast ned» til kvart regionale helseføretak og føretak. Det er fleire av opptaksområda i føretaksgruppa Helse Vest som vil stå ovanfor særleg krevjande utfordringar. Føretaksgruppa Helse Vest har derfor etablert tilsvarande kunnskapsgrunnlag som må nyttast for heile Helse Vest og for kvart opptaksområde.

Vedtak (samrøystes)

Styret slutta seg til vedlagte utkast til høyringsuttale med dei endringar som blei avklart i møtet, og gav administrerande direktør i Helse Vest RHF fullmakt til å gjere endringar på vegne av styret.

Sak 049/23 Specialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2022

Saka var felles for dei 4 regionale helseføretaka og er difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Spesialisthelsetjenesten har utarbeidet sin femte felles rapport om samfunnsansvar. Denne saken er en felles nasjonal sak som legges frem for styrene i de regionale helseforetakene til orientering.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok spesialisthelsetjenestens rapport for samfunnsansvar 2022 til orientering.

050/23 Reviderte retningslinjer for leiarløn

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

I saka blir det fremma forslag til oppdaterte retningslinjer for leiarløn i Helse Vest RHF. Retningslinjene skal bidra til å oppnå føretaket sitt mål, samstundes som offentlege midlar blir nytta effektivt. Retningslinjene skal og gi styret trygghet for at godtgjeringsordningane ikkje er urimelege, ikkje gir uheldige verknader for føretaket eller svekker føretaket sitt omdømme.

Styret peika på at dei 4 RHF-a bør vere omforente om praktiseringa av reviderte retningslinjer for leiarløn.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok reviderte retningslinjer for leiarløn.
2. Styret forutset at styra i helseføretaka legg tilsvarende prinsipp til grunn i sine retningslinjer for leiarløn.

Sak 051/23 Samfunnsansvar i Helse Vest – utgreiing 2023**Oppsummering**

Denne saka gir ein presentasjon av vesentlege risikoområde i Helse Vest relatert til samfunnsansvaret og forslag til tiltak. Dei kartlagde områda er: menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i leverandørkjeda, klima og miljø, naturmangfald og førebygging av økonomisk kriminalitet og antikorrupsjon.

For området medarbeidarar og mangfald i høve til eigne medarbeidarar, greiar Helse Vest ut om dette området i eigen mal som er godkjent av føretaksgruppa i Helse Vest hausten 2022: *Rapporteringsmal: likestilling, inkludering og mangfald*. Det blei her vist til notat til AD si orientering pkt. 8 og 9.

For seinare rapporteringar på likestilling, inkludering og mangfald, ønska styret å bli orienterte om helse Vest sin strategi for å leggje til rette for medarbeidarar med funksjonsnedsetting i føretaksgruppa.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok utgreiing for samfunnsansvar 2023 til etterretning.

Sak 052/23 Orientering frå det regionale brukarutvalet**Oppsummering**

Leiar av RBU peika på at brukarutvalet hadde høgt fokus på psykisk helsevern for barn og unge og for vaksne. Brukarutvalet var særleg opptekne av at samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunane må bli betre og at fokuset på førebygging bør aukast.

Det blir felles leiar/nestleiar møte for dei 4 regional brukarutvala 31. mai – 1. juni. Sakene til dette møtet er mellom anna elles saker. Helsepersonellkommisjonen og Sjukehusutvalet sin rapport.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 053/23 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Referat frå møte i Regionalt brukarutval i Helse Vest 15.03.2023

Skriv 02 – Brev frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet 11.12.2022 - Gode tenester der folk bur

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 19.04.2023 Torunn Nilsen

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Anne Karin Hamre	Medlem
------------------	--------

Oddvar Kaarbøe	Medlem
----------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Tord Anton Haaland	Medlem
--------------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
------------------------	--------

Geir Arne Sunde	Medlem
-----------------	--------

Linda Karin Gangstøe	Medlem
----------------------	--------